

# **VARSLINGSLISTE FOR KRISETEAMET SIRDAL KOMMUNE**

**Denne lista kan brukes av lege, politi, prest,  
ambulanspersonell, brannsjef, rådmann og ordfører**

<b>Navn</b>		<b>Tlf.jobb</b>	<b>Tlf.privat</b>
<b>Ruth Lillian Hompland</b>	<b>Kriseteam leder Psykiatrisk sykepleier Enhetsleder helse</b>	<b>38379143 91150245</b>	<b>91150245</b>
<b>Ivan Jovovic</b>	<b>Kommuneoverlege</b>	<b>38379130 94531819</b>	<b>95409190</b>
<b>Egil Netland</b>	<b>Lensmann</b>	<b>38379800 97189845</b>	<b>97189845</b>
<b>Rolf Petter Eriksen</b>	<b>Prest</b>	<b>38371604 48040876</b>	
<b>Jorunn Tonstad</b>	<b>Psykiatrisk sykepleier</b>	<b>38379149 94845085</b>	<b>94845085</b>
<b>Perny Haugen</b>	<b>Vernepleier</b>	<b>38371243</b>	<b>38371113 41692021</b>

**Lista er oppdatert pr. 27.12.16.**

## **RETNINGSLINJER KOMMUNALT KRISETEAM.**

Kriseteamet er ein del av kommunen si førebyggjande helseteneste.

### **MÅLSETJING:**

Teamet fungerer som eit tilbod til personar som har vore utsett for store psykiske påkjenningar i samband med brå og uforutsette situasjonar og ulukker. Teamet gjev støtte i dei tilfella der det naturlege støtteapparatet er fråværande eller utilstrekkeleg.

Kriseteamet kan, dersom det er ønskjeleg, bistå innsatspersonell og leiarar med personalansvar med debriefing og oppfølging etter traumatiske opplevingar – for å førebygge psykiske traumer sidan.

Medlemene i teamet søkjer skulering gjennom kurs i eller utanfor eigen kommune og arrangerer og inviterer andre til kurs. Teamet fungerer som faggruppe med fokus på førebygging av psykiske vanskar etter kriser og katastrofer.

### **TEAMET SI OPPBYGGJING:**

Teamet er tverrfagleg samansett, har 6 medlemmer. Det er: kommunelækjar I, prest, lensmann og sjukepleiarar med psykiatrisk utdanning/erfaring. Det er også tenkt geografisk spreiding mellom medlemene.

Det er oppretta ei tilkallingsliste av personar som har sagt seg villig til å delta dersom det trengs meir hjelp. Leiar i kriseteamet kallar dei inn etter vurdering saman med skadestadsleiar. Kriseteamet gjev vegledning og undervisning til denne gruppa med eit par samlingar i året.

### **ARBEIDSMÅTE:**

Følgjande akuttinstansar kan kalle ut kriseteamet:

- Lækjar på vakt.
- AMK/Ambulanse.
- Politiet.
- Prest.
- Rådmann og ordførar.

På bakgrunn av dei opplysningane som kjem, skal leidar av teamet saman med team-medlemmer kartleggja behovet for innsats og ta initiativ til omsorgsarbeid

**gjerne saman med det naturlege nettverket i situasjonen. Med naturleg nettverk meinest: familie, venner, skule, arbeidsplass, forreningar, kyrkje....**

**Teamet kan kallast saman med følgjande situasjonar:**

- **Alvorleg hendingar med personskade og død.**
- **Brå død.**
- **Sjølvmord, sjølvmondsforsøk.**
- **Brå uventa spebarnsdød.**
- **Vold som fører til alvorleg skade og død.**
- **Andre alvorlege hendingar etter innkallande instansar si vurdering.**
- **Kriser/katastrofer som berører mange i kommunen.**

**På meldeskjema skal akuttinstans gje opplysning om:**

- **Kva som har skjedd**
- **Namn, fødselsdata og adresse på den forulukka/sjuka/døde.**
- **Kvar den forulukka/sjuka/døde er.**
- **Familieforhold, kven og kvar er familien**
- **Er hendinga meldt til dei pårørande.**

**Oppgåver etter ei hending:**

**Søkja å følgja opp dei pårørande som ikkje har hatt behov for umiddelbar hjelp, det kan gjevast gjennom kontakt med fagfolk i teamet eller ved å formidla kontakt med andre faginstansar.**

**Delta i krisebearbeiding hjå hjelpemannskap som har vore i aktivitet.**

**FINANSIERING:**

**Kriseteamet disponerer ein sum frå kommunalt budsjett. Det skal betalast godtgjersle pr. time for den delen av arbeidet som fell utanom arbeidstida, dette omfattar både medlemene i teamet og personar som vert kalla inn frå oppsett liste. Er det ønskjeleg og gjennomførbart, kan den brukte fritida kompensrast med fritid etter nærare avtale med arbeidsgjevar (for kommunalt tilsette).**

**Teamet har vanleg kommunalt budsjettansvar. Vert det nødvendig å bruka ut over det som er disponibelt, skal det takast opp med Enhetsleder helse.**

**RAPPORTERING:**

**Ved årsskifte vert det sendt rapport til Enhetsleder helse, der det framgår antal aksjonar som er iverksett, kursing av medlemmer og oversikt utgifter. Etter utført oppdrag, skriv ein rapport.**

**INTERN FORRETNINGSORDEN:**

**Det lokale kriseteamet er eit frittstående organ tilslutta det kommunale helsevesen.**

**Når eit medlem går ut av teamet, skal nytt medlem rekruterast innan det same**

**fagområdet dersom det er mogeleg. Tverrfagleg representasjon er ei forutsetning.**

**Teamet vel sjølv ut nye medlemmer. Teamet vel sjølv leiar og sekretær annankvart år.**